



# KARANTENENEMNDA

---

Kjartan Almanning

Vår dato	Deres dato	Vår referanse
02.06.2020	14.05.2020	2020/28

## Vedtak i samband med overgang til stilling som leiar for ideell- og velferdspolitik i Abelia

Vi viser til di melding til Karantenenemnda datert 14. mai 2020.

### Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene eller saksforbod i samband med overgang frå stilling som politisk rådgjevar i Kunnskapsdepartementet (KD) til stilling som leiar for ideell- og velferdspolitik i Abelia.

### Rettsleg grunnlag

Karantenenemnda kan gje pålegg om at ein politiker eller tidlegare politiker i eit departement karantene i inntil seks månader etter fråtrede frå den politiske stillinga eller embetet. Sjå lov 19. juni 2015 nr. 70 om informasjonsplikt, karantene og saksforbod for politikere, embetsmenn og tjenestemenn (karanteneoven) § 6, som har denne ordlyden:

"Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlege tilfeller ilegge en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratreden når

- det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, eller
- politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, særlege fordeler, eller
- overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt."

På same vilkår kan Karantenenemnda gje pålegg om saksforbod i tillegg til, eller i staden for, karantene. Sjå karanteneova § 7. Saksforbod kan påleggjast i inntil tolv månader etter fråtrede. Dersom det ligg føre særleg tungtvegande årsaker, kan det påleggjast eit saksforbod i inntil tolv månader etter fråtrede, i tillegg til ein karantene på inntil seks månader.

### **Saksforholdet**

Du har vore politisk rådgjevar i Kunnskapsdepartementet frå 17. januar 2018 til 24. januar 2020 og har hatt arbeidsoppgåver innanfor fagområda forskning og høgare utdanning. Du har og hatt ansvar for mediearbeid, møteplanlegging og har delteke i drøftingar knytt til ulike politiske prosessar i departementet.

Abelia er ein arbeidsgjevarorganisasjon, og er NHOs foreining for kunnskaps- og teknologibedrifter. Du skal i stillinga i Abelia ivareta medlemmer innan ideell og frivillig sektor og vidareutvikle eit godt medlemstilbod for desse, samt arbeide med å utvide medlemsbasen. Du skal arbeide med å utvikle ny og oppdatere eksisterande politikk på området, og arbeide for politisk gjennomslag for medlemmene.

### **Karantenenemnda si vurdering**

Karantenenemnda har vurdert om overgangen er eit særleg tilfelle som grunnjev karantene og saksforbod, og har komme fram til at dette vilkåret ikkje er til stades. Karantenenemnda har lagt vekt på at det allereie har gått over fire månader sidan du slutta i stillinga som politisk rådgjevar i KD. Det tidsmessige skillet som desse fire månadene utgjer bidreg til å skape den nødvendige avstanden i tid mellom stillinga som politisk rådgjevar i Kunnskapsdepartementet og stillinga i Abelia, og medverkar til å oppretthalde tilliten til forvaltninga og det politiske systemet.

### **Rett til innsyn mv.**

Etter forvaltningslova § 18 jf. § 19 har du har rett til å sjå dokumenta i saka.

Informasjonsplikta etter karanteneleva § 5 gjeld i eit år etter fråtrede frå det politiske embetet eller den politiske stillinga.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Anne Kirsti Lunde

*Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.*

Kopi:  
Statsministerens kontor  
Kunnskapsdepartementet  
Abelia